

Opp og Fram

Baunen

Opp og Fram - medlemsblad for Norges KFUK KFUM Møre og Romsdal krins
Baunen - meldingsblad for Sunnmøre Folkehøgskule



November 2008



Krinskoret på tur	3
VT 2009	3
Familiespeiding	4
SUFH 100 år	6
Nye på SUFH.....	7
Link og SUFH.....	7
Elevane 2008/2009	8
Nordvestcup 2008.....	9
Samlivskurs.....	10
Leiartrening	12
Ulstein KFUK KFUM.....	14
Annette Strietzel	15
Spenning	16

www.kfuk-kfum.no

Kjære lesar!



Du har nok gått i veker og månader og kika i postkassen din etter Opp og Fram. Og kvar dag like skuffa, ikkje i dag heller. Men her er vi igjen!

I juni måned ba eg på denne leiarplassen om tilbakemelding på bladet vårt, og det var omlag 10 personar som ga respons. Takk!

Det er kontakt og kommunikasjon med medlemmane som er drivkrafta vår i krinsstyret. Det er de som er oppdragsgivarane våre, det er dykk vi skal stå til ansvar for, for det er de der ute som gjer jobben! Og ikkje minst: Det er de som gir pengegåvene, som gjer alt arbeidet vårt muleg.

Alt er mulig for Gud.
Alt er mulig for Gud.

Leiaren i KFUK-KFUM i Møre og Romsdal vart invitert til å vere med ved innsetting av ny biskop i Møre, Ingeborg Midtømme. Det var verkeleg ei stor glede å få vere med

på gudstenesta. Biskopen utfordra kongen, alle bispene, alle songarane, alle barna og alle som var i kyrkja om å stemme i dagens minneord, "Alt er mulig for Gud".

- Ein gong til, sterkare, sa ho, og kvar og ein løfta blikket, reinska stemma, smilte og sa høgt og tydeleg: Alt er mulig for Gud.

Er Gud med oss, kven kan då vere mot oss?

I stort frimot skal vi gå vidare på vegen! Det kan synast bratt, det kan vere einsamt, det er slett ikkje alle strekningane som er omhylla av stas og fest. Men så opnar det seg ei lysande oase: ei solfylt Molde domkyrkje, til dømes, full av himmelsk musikk, av festkleddede folk som vil kvarandre vel, og vi kjenner at dette er godt, dette er sterkt, dette er Guds gode vilje med liva våre. I Jesu namn. Amen.

Med venleg helsing
Marit Gaustad



[Opp og Fram og Baunen](#)

[Meldingsblad for Norges KFUK KFUM Møre og Romsdal krins og Sunnmøre Folkehøgskule.](#)

Redaksjon:
Hilde Espeseth
Arnt Ole Grimstad

Oppsett:
Spor Forlag AS

Opp og Fram
Varleitevegen 5
6065 Ulsteinvik
Tlf: 70 00 96 30
Fax: 70 00 96 31

Bladet vert sendt gratis til våre unge og vaksne medlemmer.

Gjev oss ei melding dersom du kjenner nokon som saknar bladet, om det er feil adresse eller andre feil og manglar.

Botterlia sin leirstad ved Kleive er ledig for utleige. Kontakt Jorunn Stølen Markeng,
Tlf: 71 21 57 26
Mobil: 954 34 030

Sjå også heimesida vår:
www.botterlia.com

Møre og Romsdal krinskor på tur

Helga den 28.-30. november legg ca. 40 ungdommar frå Sunnmøre ut på tur. Målet med turen er å få ungdommar i frå Nordmøre og Romsdal til å være med på krinskor.

- Vi starta med krinskor for ca eitt år sidan, seier Sølve Styve Sæbø. Han er ein av dei tre dirigentane i krinskoret. Med seg som dirigentar har han Pål André Grimstad Worren frå Hareid og Marit Longva frå Sykkylven. Dei har ansvaret for å lære frå seg songane til ungdommane som vil være med i koret.

- Vi håpar på å få med oss ungdommar frå heile Møre og Romsdal, og

ikkje berre Sunnmøre slik vi har i dag, seier Sølve, og legg til at dette er ein av hovudgrunnane til at dei legg ut på turné. Ein annan grunn til at dei ville ut på turné, er at dei vil gjer noko anna enn å berre ha ei øvingshelg med "hentekonsert" på søndagen.

Fredag 28. november startar dei med øving, før dei laurdag skal opptre i sentrum av Kristiansund og vidare til Molde laurdag kveld. Søndag kveld er dei å sjå - og ikkje minst høyre - i Ålesund.

Konsertlokale i dei tre byane er ikkje 100% avklart, men sjå etter plakatar.

Biletet er teke under krinskorøvinga på Hareid tidlegare i haust.

Foto: TG Hovlid



VT 2009 Rom for alle

Som vi fikk vite på VT 2008 i Sykkylven, skal VT 2009 være i Ulsteinvik 6.-8. februar 2009. Det vi ikkje fekk vite, var at vi skal være på SUFH og at mottoet er *Rom for alle*. Detaljane er ikkje 100% klare enda, men følg med på www.vintertreff.net. Der vil vi legge ut informasjon så snart den

er klar og frekvensen for publiseringar vil forhåpentligvis auke fram mot VT. Logg deg inn på K3 torget og vær med på oppvarminga til VT. På heimesida vår finn du også informasjon om korleis du skal kome i kontakt med oss dersom du lurar på noko.


Prestsletta familiespeiding



Bilde frå
Lavvosamlinga.
Foto: Håkon Mork

Ønsket om mer aktivitet rundt gudstjenesten i Røbekk Kirke utenfor Molde, ble starten til den ferskeste KM-enheten i Møre og Romsdal, Prestsletta familiespeiding. En tidlig høstdag i 2007 inviterer et engasjert ektepar naboer og kirkegjengere i Røbekk til hageselskap med tema: Hva skal til for å få mer aktivitet i kirka? Flere forslag kom opp, og mange ønsket mulighet til å bli bedre kjent med de man treffer på gudstjenesten. Det resulterte i første omgang i en utvidet kirkekaffe på Prestsletta. Prestsletta er en åpning i skogen rett ovenfor Røbekk Kirke. En Lavvo ble kjøpt inn og enkle naturleker for barna ble laget rundt om på sletta. Den første samlingen ble en suksess. Lavvosamlingene var for alle som ønsket en enkel

sosial sammenkomst etter gudstjenesten, i Guds frie natur. Høsten 2008 var tiden kommet til å kartlegge om det var et ønske om å organisere noe mer for barnefamiliene i området. Hele 9 familier møtte opp på en orienteringssamling der speiderforbundet var representert med leder i Møre og Romsdal, Jan Thomassen og Bjarte Maroni, innflyttet (til Kristiansund) speiderekspert fra Oslo. Bjarte fortalte om hvordan familiespeiding bør organiseres og litt om aktuelle aktiviteter. Det viktigste er å holde opplegget enkelt og på et gjennomførbart nivå! Mye ansvar og oppgaver bør ikke skremme familier fra å bli med. Speiderforbundet har en egen familiespeidingsekk med et hefte som inneholder det man trenger å vite for å arrangere et





familiespeidingmøte: åpningsang, forslag til aktivitet (lære 5 forskjellige tresorter), lage mat (grønnsakssuppe), kort andakt og avslutningsang. Tanken er at sekken og ansvaret for samlingene går på omgang blant familiene. Bjarte fortalte at det var viktig å gjøre det enkelt: det viktige er å komme seg ut sammen med familien og å ha det gøy med andre!

Søndag 5. oktober ble den første offisielle samlingen. Grilling og pynting av naturen sto på programmet. Denne søndagen var det også Lavvosamling og mange i menigheten var med. Fin søndag!

Det er to samlinger igjen

før jul: 16. og 30. november. Den siste blir i mørket med fakler og lommelykter. Etterpå er det lysmesse i kirka. En spennende start på advent.

Vi som har vært med på Lavvosamlingene fra starten av, synes dette er en vinn/vinn situasjon. Det skapes et miljø rundt menigheten og vi får en aktivitet sammen med andre (småbarns)familier i KM-regi. Men man trenger ikke være med på gudstjenesten for å bli med.

Alle som ønsker å bli med eller få informasjon om Prestsletta familiespeiding, kan ta kontakt med Merete Stokkeland Risan på 922 03 230.

Merete og Øystein Risan

Bilde frå Lavvosamlinga.

Foto: Håkon Mork

SUFH 100 år



For å markere 100-årsjubiléet på sjølve dagen ,15. oktober, vart undervisninga lagt til Fredheim, det lokale KFUK-KFUM-huset i Ulsteinvik. Dette huset vart i perioden 1909-1919 brukt til undervisning, før ein flytta både undervisning og innkvartering til "Lidarheim" ("heimen under lia").

Elevane kom til Fredheim direkte frå vertsfamiliane sine, som dei budde hjå frå tysdag kveld. Rektor Arnt Ole opna dagen med tale. "Frid og Glede", som Ingfrid Grimstad og Einfrid Grindheim kallar seg når dei syng i lag, deltok med to spesialskrivne songar, med god hjelp frå rektor og inspektør. Sidan tok dei tidlegare rektorane Olav Sæter, Einar Grimstad og Trond Berg del i programmet. Olav fortalde om oppveksten på SUFH, med bestefar Severin Hop og far Johan Sæter som begge var rektorar ved skulen, og sitt eige arbeid knytt til SUFH. Einar viste bilete frå Ulsteinvik rundt hundreårsskiftet, og fortalde og viste bilete frå oppstarten av "Sunnmøre ungdomsskule". Trond

Berg var innom og helste på, etter å ha avvikla eit seminar som den nye arbeidsgjevaren hans, Ulsteingruppa, hadde same dag i amfiet på "nye" SUFH. Den 86 år gamle folkehøgskule- og NRK-mannen Arne Grimstad hadde ein skuletime om verdjar, og gjorde sterkt inntrykk på elevane og tilsette. Arnt Ole helsa elevane som representantar for dei 5000 elevane som SUFH har metta gjennom desse hundre åra, og gav dei blomster som takk for at dei har valt eit år ved SUFH som sitt folkehøgskuleår. I tillegg til dei verbale innslaga, var det både kortime med innøving av den gamle, gode korsongen "Dagens auga sloknar ut", linjegymnastikk under leiing av Lars Erling Bjåstad Hovlid, og arbeid med eit 100-årsjubileumskunstverk. Til lunch var det påsmurte baguettar og brus, og ikkje minst to store jubileumsmarsipankaker. Undervisningsdagen vart avslutta med ein runde i sentrum av Ulsteinvik for å sjå Knut Bry si utstilling "Empty Stores".



Nye på SUFH



Anna



Timian



Jenny

Vi har den siste tida fått tre nye medlemmer i SUFH-familien: kjøkkensjef Arve og Anja Elise Ertesvåg var først ute og fekk guten Timian 21. august i år.

Så kom Jenny til verda 26. oktober (økonomileiar Oddgeir og Irene Hammer Nygjerde).

Dagen etter var også jenta, Anna, koma, og danselærer Hilde Charlotte og Arild Hanken var stolte foreldre. Vi gratulerer og ynskjer lukke til med større familie!

Jostein Sæbø vart tilsett som ny inspektør frå første august 2009. Han har tidlegare vore tilsett ved skulen i 11 år, både som lærar og inspektør, og har no kome attende etter å ha jobba i ungdomsskulen. Vi er svært glade for å ha han tilbake i rekkene.



Jostein Sæbø

Link og SUFH

Gitar, leik og dans for unge asylsøkjjarar.

SUFH har saman med LINK asylmottak sett i gong eit prosjekt der asylsøkjjarar i alderen 6-17 år får sjansen til å spele gitar, danse, synge og leike med utgangspunkt i den norske kulturen. Onsdag var første time. Fleire av "elevane" kan enno ikkje norsk, men ved tolkehjelp frå kvarandre, tydeleg mimikk og kroppsspråk, kan den første undervisningstimen reknast som ein suksess. Det er ei gruppe SUFH-elevar som står for undervisninga, med litt hjelp av tidlegare og noverande SUFH-tilsette.

På bildet ser vi nokre av elevane med gitar i handa.



Bladet i pdf?

Vi ber alle som ønskjer å motta bladet i PDF-format om å ta kontakt med krinskontoret eller SUFH, så skal vi ordne det!

Her ser vi årets stipendiatar på SUFH.

Øvst frå venstre: Øystein Grov Nilsen, Mari Glop-pen Hunnes og Johanne Høilund.

Nedste bilde frå venstre: Victor Thorängen og Tor-mod Løklung.

Elevane 2008/2009

Aase, Kjell Inge
Førde

Aaserud, Kristian
Drammen

Abrahamsen, Preben
Eidesvik - Sandnes

Amundsen, Melinda
Marie - Torp

Andersen, Per Oscar
Mathopen

Andersen, Stine
Alta

Aure, Rune Bergseth
Bud

Bang, Stine K.
Bønnes

Bergene, Sofie Karoline
Trondheim

Berget, Guro
Førde

Bostad, Vegard
Grua

Buer, Karoline Marie
Oppegård

Byrkjeland, Erlend Oscar
Førde

Bækkedal, Knut Erik
Fjellhamar

Bærug, Sunniva Ottersen
Oslo

Christiansen, Ida
Sandli

Dahl, Tarjei Sætre
Førde

Dahle, Kristin Malo
Stavanger

Drotningstadvik, Stine
Hommersåk

Dugstad, Johannes San-
dager - Hagan

Ghezai, Shewhat
Oslo

Grindheim, Maria
Mosterhamn

Gryt, Ingvild
Skjerstad

Harder, Susanne Klung-
land - Oslo

Hatmyr, Lisbeth Moen
Flatåsen

Hauge, Øyvind
Sandane

Haugland, Erlend
Stavanger

Hermansen, Morten
Nyborg

Hindal, Sarah Linn Lau-
ridsen - DanmarkDAN-
MARK

Hoel, Alexander
Oslo

Holtan, Anna Namdal-
seid

Hovensjø, Sunniva
Zweng Oslo

Hunnes, Mari Gloppen
Sandnes

Huun, Christoffer Smith
Bergen

Hystad, Cathrine Elve-
bakk - Mosjøen

Høilund, Johanne
Enebakk

Johansen, Knut Havnen
Bergen

Johansen, Ruth Cecilie
Lang-Ree - Larvik

Karlsen, Jannicke Bø
Godvik

Kjelstad, Ingrid Blokkum
Hunndalen

Krogh, Elisabeth
Stadsbygd

Kvamme, Carina
Sandli

Landvik, Lisa
Mosterhamn

Langørgen, Erlend

Bergen

Larsen, Eirik
Ulsteinvik

Lie, Hanne Marthe
Øyer

Lode, Ida Katarina Kjos
Hommersåk

Løkhaug, Richard
Rolandsen - Molde

Løkling, Tormod
Sagvåg

Mathisen, Andrea
Oslo

Mindt, Linn-Elise
Gressvik

Moulton, Jon Michael
Ås

Myrvik, Aina
Molde

Nerbø, Ingvild Klokseth
Søgne

Nilsen, Øystein Grov
Stord

Norendal, Erlend Ofstad
Bjørnemyr

Nøst, Ingrid Aas
Molde

Parmann, Amanda Almås
Nesoddtangen

Raphael, Linn Schirmer
Vøyenenga

Røed, Charlotte Aasen
Kongsberg

Rønning, Frøydis Sollie
Levanger

Sand, Maria Evebø
Sandane

Sandnes, Sigrid Thore-
sen - Oslo

Schetne, Vilde
Sørumsand

Skarpaas, Sebastian
Oslo

Solberg, Marthe Trygg
Oslo

Stanghov, Fredrik An-
dreas - Moss

Stordal, Venke
Birkeland

Stuveseth, Birgitte Berge
Bærums Verk

Sudmann, Yngvild Lima
Hafrsfjord

Tamlag, Stine
Bergen

Taule, Linn
Bergen

Thanh, Therese
Ski

Thorvaldsen, Eivind
Førde

Thorängen, Victor
Rickard - Sverige

Tjemsland, Ruben
Grimstad

Trollebø, Marte
Almenning - Måløy

Ugelstad, Lene
Malmefjorden

Valvatne, Ragnhild
Gjøsæter - Sagvåg

Vidvei, Kristi
Heggedal

Værnes, Jørgen Storli
Trondheim

Øberg, Mina Wiik
Oslo

Østråt, Maren
Sandnes

Øygarden, Marius
Trondheim

Nordvestcup 2008

Sunnmøre Folkehøgskule var i år vert for den tradisjonsrike Nordvestcupen. Tysdag 28. og onsdag 29. oktober vart skulen fylt opp av elevar frå Molde, Borgund, Høgtun, Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre. Disse skulane

har i mange år møttes på hausten for å kåre beste fotballlag for gutar og jenter. Nytt av året var og at Møre fhs frå Ørsta var invitert med.

Fotballen er sjølvsagt i fokus, men minst like viktig for mange er det å treffe elevar frå andre skular. Vi viste stolte fram vår nye skule og fekk mange gode tilbakemeldingar frå dei tilreisande. På kvelden vart det arrangert cupkveld der sufh sto for programmet. Der fekk vi vist fram elevane

frå danse og musikkklasse. Etter ei flott samling i kjellaren vår, kraup slitne elevar ned i soveposane for å vere klare til ein ny dag.

Jentene våre hadde og eit godt lag og kjempa godt, men hadde marginane mot seg og endte til slutt på 4. plass. Vinnar i jenteklassa vart jentene frå Nordfjord. Sufh hadde

kanskje håpa å gjere det betre, men jentene frå danseklassa imponerte i alle fall alle med eit strålende Cheerleader-show!

I strålende haustvêr klarte gutta frå SUFH det som svært få ha klart før. Dei kom til finalen og der slo dei fotballgutta frå Molde i ein svært dramatisk kamp. Kampen måtte avgjerast med straffe-konkurranse og jubelropa runga då sufhkeeperen redda siste straffa til Molde.

Per Bernt Aske



Glimt frå Nordvestcup. Gutane frå SUFH vann gull og skulen vår hadde tidenes beste cheerleaderar! Foto: Øyvinn Sønnesyn



Samlivskurs



Sunnmøre folkehøgskule vil 27.-29. mars arrangere samlivskurs for første gong. Men sjølv om det er første gong for SUFH, er det ikkje første gong for kurshaldarane.

Vi er svært glade for at vi har fått med oss Bjørk Matheasdatter og Eiel Holten frå Duo parutvikling. Dei har jobba med samlivskurs i mange år blant anna gjennom Modum bad. Dei blir av mange rekna som dei beste foredragshaldarane på feltet. Dei er kjende for å vere kreative og underhaldande i sin måte å formidle viktige tema på, og brukar virkemiddel som film, litteratur, rollespel, musikk kombinert med stor innleving og godt humør!

Studiar viser at par som har gått på Prep-kurs har opp til 50 prosent større sannsyn for å bli i parforholdet og ikkje minst vere nøgd med det - enn par som ikkje har fått denne kunnskapen og treninga.

Kurset SUFH no vil tilby er eit såkalla Prep i fullversjon. Det vert eit helgekurs med til saman 12 - 15 timars program. Eigeninnsatsen er avgjerande for å få utbytte av samlivskurset. Det blir sett av tid til parvise samtalar og øvingar i løpet av programmet. For å skjerme para sitt privatliv er det ikkje lagt opp til gruppearbeid. Målgruppa er heilt alminnelege par i alderen 20-45 år som ønsker å gjere eit OK samliv

enda betre. Kurset gir også hjelp til å kunne handtere problem i parforholdet på ein trygg og god måte.

Litt om innhaldet

Nokre av dei tema som blir tatt opp i Prep er bla: Korleis blei vi eit par? Gleda ved å vere to.

Forventningar og roller.

Nokre faresignal i samlivet.

Trygg og effektiv kommunikasjon.

Problemløysning.

Glede, moro og vennskap.

Å nyte dei gode stundene.

Faresignal

Forskarane bak Prep har funne fram til fire former for kommunikasjonssvikt som verkar øydeleggande på samliv. På kurset blir disse fire faresignala presenterte. Eit viktig kurstema er kva ein bør gjere dersom ein ser faresignala i eige forhold - altså korleis ein kan stanse ei negativ utvikling.

Effektiv

kommunikasjon

Mange gonger vert usemje forstørta fordi folk snakkar forbi kvarandre. PREP gir trening i å kommunisere på ein trygg måte, og handtere usemje og konflikter godt.

Nyt dei gode

stundene

Prep handlar også om å stimulere vennskapet og gleda midt i den travle kvardagen. PREP hjelper par til å finne tilbake til

spenninga og gleda dei hadde då dei først vart saman.

Viktige verdiar

Prep bevisstgjer om viktige tema som vennskap og glede, grunnverdiar og livssyn, seksualitet og sensualitet, tilgjeving, hengivenheit og forplikting.

Tale-/ lytte-instruksjon

Når deltakarar på eit fullversjons Prep-kurs trenar på kommunikasjonsteknikk og problemløysingsmodell, får dei tilbod om hjelp av ein instruktør.

Her på sufh vil vi gjere vårt beste for at helga skal bli minnerik. Vi vil toppe helga med litt luksus for dei tilreisande para.

Vi skal varte opp med deilig mat, flotte rom med gode senger og vakker utsikt, varme badstuer og ikkje minst fyre opp i stampen med utsikt opp i stjernene. Det er flotte turmuligheiter i området rundt skulen, så her er berre å kome til dekkabord, senke skuldrane og få ei god og nyttig helg i saman med den du er



glad i. Dette lovar dei to ansvarlege for kurset, Beate Hopland Langnes og Lars Erling Hovlid.

Årets julegavetips frå oss på SUFH er å invitere barnebarn og ungar heim til Ulsteinvik. Så kan besteforeldra passe ungar medan foreldra kan nyte helga på sufh. Dette vil vere ei flott investering for framtida til både barnebarn og born.

Det er berre å ringe Sufh å melde seg på. Det er oftast stor pågang på slike kurs, så det gjeld å være tidleg ute!

Meir info om Prepkurs: www.prep.no
Påmelding og meir info om kurset: www.sufh.no/kurs eller telefon 70 00 96 00

Desse innvinterer til samlivskurs på SUFH. Frå venstre: Lars Erling Hovlid, Elsa Sæter og Beate Hopland Langenes.



Leiartrening på tvers av grensene



LUDVIK var ingen spasertur - men flagget gikk til topps
Foto: Christfried Kaul

Saman med NMSU, ACTA og Møre bispedøme, søkte KFUK-KFUM Møre og Romsdal krins om midlar frå trusopplæringsreforma "Størst av alt". Målet var å sjå på muligheiter for samarbeid og å arrangere felles leiartrening. Utgangspunktet var å jobbe fram ei felles forståing

for rekruttering og oppfølging av unge leiarar. Som KFUK-KFUM hadde vi erfaringane frå LiV-kurset med i bagasjen. Ei styringsgruppe med ein tilsett frå alle dei 4 organisasjonane blei etablerte. Viktige tema vi ønskte å avklare/diskutere i gruppa:

- Korleis knytte saman lokalt arbeid og regional leiारoppfølging?
- Korleis kan vi skape eit nettverk for unge leiarar i regionen?
- Kva tema, tiltak og metodar kan vi vere saman om?
- Korleis ta vare på dei ulike partane sin profil?
- Korleis handtere tema der organisasjonane representerer ulike syn?
- Kva for ressursar har dei ulike partane i samarbeidet å sette inn i prosjektet?

Skuleåret 2007/08 deltok 28 ungdomar frå heile fylket på leiartreningskurs i Møre. Dei hadde 4 felles helgesamlingar, lokalsamlingar samt praksis og vegleiing lokalt.

5 av deltakarane hadde forankring KFUK KFUM. Men ungdomane er med i mange ulike organisasjonar og "shoppar" gjerne litt her og der. 28 ungdomar er ei stor nok gruppe til å vere eit "miljø".



Det ble kor under avslutningstur til Ulvesund fyr
Foto: Christfried Kaul

Tilbakemelding frå 2 av deltakarane:

- Flott med engasjerande undervisning, men ikkje minst med fellesskapet og nettverket vi vart ein del av på kurset.

- Positiv å merka at sjølv om de, som leiarar, ikkje er samde i alle saker, klarer de å samarbeide likevel!

Er KFUK-KFUM tent med eit felles kurs?

Samarbeidet utfordrar oss på innhald, arbeidsmåtar, profilering og medlemsskapet. Erfaringane våre så langt er at vi gjennom samarbeidet tek høgde for at ungdomane er med i mange samanhengar og kjenner seg "heime" i fleire organisasjonar. Eit mangfald av metodane har sikra høg kvalitet i kurset. Ulik ståstad i teologien har ikkje ført til krancling, men hjelpt oss til å legge fram ulike syn på ein respektfull måte. Dette er god profilering av organisasjonane og ei viktig erfaring for deltakarane i å møte mangfaldet elles i samfunnet. Ikkje minst har organisasjonane kunne profilere seg for deltakarane dei ikkje ville ha hatt kontakt med elles. Samarbeidet har også bygt tillit til spesielt dei kyrkjelydane som har vore litt skeptiske til å samarbeide med berre ein bestemt organisasjon. Medlemsskapet i KFUK-KFUM må nok dei som ikkje er medlem frå før velje sjølve, sidan kurset ikkje er eit reint KFUK-KFUM-kurs.

Men den største gevinsten for samarbeidspartnarar er at vi er eit kollegafellesskap – og dette har blitt rein luksusvare i tider med nedbemanning



i mange organisasjonar. Dette løfter opp dei tilsette og sikrar kvalitet og kontinuitet i leiartrening. KFUK-KFUM i Møre og Romsdal er verkelig tent med eit slikt felles kurs.

Vegen vidare

Skuleåret 2008/09 tilbyr vi kurs 2, som oppfølging. Eit mindre omfattande kurs, framleis med praksis og vegleiing knytt til den lokale kyrkjelyden /gruppa. Her er det 10 av dei tidlegare deltakarane som er med.

Vi har ikkje hatt nok deltakarane til å starte eit nytt kurs 1 i 2008. Men vi satsar på å starte igjen hausten 2009.

13.-15. mars 2009 vil det dessutan bli arrangert ei felles leiartreningshelg.

Det var ikkje berre ungdomar frå Tensing som tok musikalsk styring. Foto: Åsmund Oksavik.

Ulstein KFUK KFUM



Ulstein KFUK KFUM er eit svært aktivt lokallag med store ressursar og ein lang og god tradisjon.

Eitt av fleire særpreg med arbeidet i Ulstein er at speidararbeidet er sterkt integrert i sivilarbeidet og både leiarane og dei unge er å finne på begge områda.

Fredheim

Mykje av arbeidet er knytt til laget sitt hus, Fredheim, som ligg strategisk plassert midt i Ulsteinvik sentrum.

Huset, som blei bygt i 1909, er eit kulturhus i ordets rette forstand med aktivitet dei fleste kvardagane i veka. I tillegg brukar kyrkjelyden huset mykje til kyrkjekaffi.

Faste arrangement

Kvar 17. mai har foreldre- laget for speidarane mat- utsal på Fredheim. Dette har blitt ei viktig inntekt- skjelde for speidararbei- det.

Ei fellessamling ved spei- darhytta i august/septem- ber med friluftsgudste- neste markerer starten på arbeidsåret.

KM-veka blir markert med stor basar heile laur- dagen. Dette har blitt ein suksess både sosialt og økonomisk. Ein aktiv tom- bolalaurdag blir avrunda med ein god gammaldags basarfest om kvelden.

Adventsfesten er på sett og vis eit alkoholfritt ju- lebord med god mat og godt program, der alle som melder seg på bidreg

til ein vellukka fest med program, mat eller prak- tisk tilrettelegging.

Fjerde juledag er det tradisjonell julefest på Fredheim for dei vaksne i laget.

Fleire torsdagar gjennom året er det oppbyggelege møte på Fredheim, der ulike tema blir tatt opp. Ofte er det enkel kvelds- mat på desse samlingane.

Arbeidsgreinene

Speidararbeidet tel mel- lom 150 og 200 born og unge og omkring 20 leiarar

Vi har fem kvinnegrupper som samlast rundt om i heimane til medlemene. Desse foreiningane fun- gerer mellom anna som støttegruppe til hovud- laget.

Vi har ei mannsgruppe med etterkvart godt tilårs- komne menn som samlast trufast i heimane. Her ligg det eigentleg ei nokså klar utfordring til nye generas- jonar av menn å starte opp med liknande!

Eit livskraftig TenSing- kor med omkring 50 ung- domar samlast til øving kvar onsdag på Fredheim. Koret blir dirigert av ung- domar og har ein vaksen- leiar i lag med seg.

Ubaluba er eit barne- gospelkor som har halde på i fleire år, men har i år lagt inn årane på grunn av mangel på leiarar.



Annette Strietzel

Hei folkens!

Jeg heter Annette Strietzel, er 36 år og født i Sachsen, (tidligere Øst-Tyskland) Jeg vokste opp i en familie som ikke trodde på Gud. Men jeg kan takke bestevenninen min at jeg tror på Gud siden jeg var 15 år gammel.

Murens fall har forandret en del planer, og etter en utdanning som barne- og ungdomsarbeider, fikk jeg en spennende jobb med „Temobilen“ – en ombygd lastebil som vi drev mobilt ungdomsarbeid rundt omkring i området. I 6 år reiste jeg rundt på denne måten. Da var det godt å komme seg i hus. Fra 2000 til 2006 jobbet jeg i CVJM Löbau (KFUK KFUM) Jeg var ansvarlig for ungdomsklubben og idrettsarbeid. Klubben var den eneste rusfrie klubben i byen og vi ble sett på som „kristne raringer“ som drev dette arbeidet. Men



omtrent 90% av de som kom var ikke-kristne og vi opplevde etter hvert at mange følte seg hjemme og også begynte å tro. Jeg drev også med opplæring av alle de frivillige hjelpere som var helt nødvendig for å kunne drive arbeidet. Vi hadde også samarbeidsprosjekt med en ungarsk menighet i Romania og et hjelpeprosjekt for Roma-folket i en landsby i Bosnia-Herzegovina.

Drømmen om å flytte til utlandet ble sterkere etter hvert. Etter noen besøk hos nevøen min som gikk på Førde folkehøgskule, grep Frank, mannen min, og jeg sjansen og vi begynte å jobbe på Kråkenes fyr i 2006. Som sykepleier fikk Frank jobb i Kristiansund i 2007 og vi flyttet hit. Jeg fikk først en vikarstilling hos Dalabrekka-SFO og nå jobber jeg på Nordmøre Krisesenteret.

I fritiden hjelper vi av og til i Kirkelandet Kirke med konfirmanter eller i gudstjenesten og på søndager engasjerer vi oss i ungdomsklubben „Spider“ i KFUK KFUM. For Møre og Romsdal krins skal jeg drive ledertrening i samarbeid med andre organisasjoner.

Vi trives kjempemessig her i Norge og gleder oss over hver ny utfordring.

Annette Strietzel



Parti frå
Kristiansund

Spenning



Vi vet at skal en strømkrets fungere, må det være spenningsforskjell mellom strømlederne.

Livet er også et spenningsfelt. Ondt og godt. Trygt og utrygt. Surt og søtt.

Tenk deg hvordan det var da du lærte å gå. Bordet du holdt fast i var tryggheten, og du gikk lenge langs kanten og holdt deg fast. Men fristelsen til å slippe og prøve å gå to meter tvers over golvet til stolen, eller til mammas utrakte hender vant til slutt. Og etter gjentatte forsøk med fall klarte du det.

Spenning og nysgjerrighet driver oss framover, og trygghetsbehovet beskytter oss. Vi kan være mer og mindre redd for å møte det nye, de fleste av oss er mer redd enn vi vil tilstå. Mestring er alltid et samspill mellom å holde fast på det trygge, og utfordre det ukjente.

Har vi bare trygghet blir livet kjedelig, har vi bare usikkerhet blir livet for tøft. Det er derfor vi har bruk for ekstreme opplevelser, for å strekke

oss og piffe oss opp. Det er veldig viktig at vi vet hva som er våre egne grenser, og ikke presser oss for å gjøre inntrykk. At både tryggheten og utfordringene er våre egne. Samme hvilket område det gjelder.

For mange er gudsforholdet ei god hand å holde i, en trygghet som ingen kan ta bort.

For andre er Gud noe fjernt og uvirkelig. I alle fall er det riktig at vi også er hele på dette området. Gud ønsker å møte hele oss og det innebærer alt fra gode og glade følelser til raseri og protest. Det er lett å hobby-herme et glad kristenliv. Veksten skjer også her i spenningen mellom det trygge: Guds hånd, og den "ekstremopplevelsen" det er å protestere og rase mot Gud.

Det vi opplever er at Han er der som det faste og sikre, uansett og ufortjent. Det kalles nåde og det er det ultimate liv. Et spennende liv.

*Tørris Hegdal
Vaktmeister*



www.kfuk-kfum.no